

Helsa cruiseskipet DEUTSCHLAND med skipslanterna.

30.05.2018



MS DEUTSCHLAND vart hela med blink i skipslanterna i Beinavikjo.

**I med 6 - 7 knops fart sigla MS DEUTSCHLAND framom Uskedalen seint i går kveld. Med avgang Rosendal klokka 23 fekk mange eit vakkert syn då cruiseskipet dukka opp i Storsund om lag klokka 23.30. Det er heller sjeldan det går turistskip gjennom Storsund så seint på kvelden eller på natta.**

MS DEUTSCHLAND har heimehamn i Nassau og går med Bahamas flagg. Storleiken er vel 22000 tonn. Skipet har ei lengde på 175 meter. Skipet er bygd så seint som i 1998 jamvel om design og utforming kan få oss til å tru at skipet må vera mykje eldre.



Mange fekk eit uventa vakkert syn seint i går kveld. Her passerer DEUTSCHLAND Bømeset.

DEUTSCHLAND kom frå Haugesund til Eidfjord tysdag tidleg på morgonen, gjekk vidare til Rosendal med ankomst seint på ettermiddagen. Neste destinasjon er Bergen. Det er 500 passasjerar om bord. I det cruiseskipet seig sakte framom Beinavikjo, vart skipet helsa med blink i skipslanterna. Takk til alle som sende oss vakre motiv av det opplyste skipet i tronge farvatn.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Einar Gjertsen/ Kristian Bringedal



Turistskipet DEUTSCHLAND har heimehamn i Nassau og går med Bahamas flagg.